



HJELMELAND  
KOMMUNE

# Bondeposten

## 2/2024 – 30. årgang



## Innhald

Produksjonstilskot .....	3
Jordleige .....	4
RMP – regionalt miljøtilskot .....	4
Tilskot til organisert beitebruk – OBB .....	5
Ny forskrift om gjødselbruk.....	5
Søknad om erstatning ved produksjonssvikt.....	5
Landbruksvegar – søk før du bygger .....	5
Kommunalt tilskot til næringslivet .....	5
Skog .....	6
Forynging etter hogst av bartre .....	6
Skogpådrivar.....	6
Skogdag .....	6
Jakt.....	7
Forvaltningskontroll .....	7
Pågåande prosessar og kommuneplanarbeid .....	7
Kurs/møte.....	8
NEDSKJERING AV VILT, 18-19. OKT, SAND I RYFYLKE  .....	8
Grønt mangesysleri og entreprenørskap - Fagskule .....	8
Møte om produksjonssvikt 22. oktober kl 18.00 på fruktpakkeriet i Årdal .....	8
Framtidsbonden – samling på Øksnevad 22. oktober kl 11.45-15.00.....	8
Autorisasjonskurs – plantevern.....	8
Inn på tunet-konferanse 11. – 12. februar 2025 i Stavanger .....	8
Webinar om skjøtsel av kantsoner langs vassdrag.....	9
Bondens nettverk .....	9

## Produksjonstilskot

Registreringsdato 1. oktober. **Søknadsfrist 15. oktober.**

Dersom du har søkt innan søknadsfrist, kan du endre opplysningane i søknaden tom 29. oktober. Dersom du søker etter 15. oktober er det ei avkorting på kr 1000,- pr dag. Dersom det blir søkt etter 29. oktober blir søknaden avvist, dersom du ikkje har søkt og fått dispensasjon frå søknadsfristen frå Statsforvaltaren.

Kontroller søknaden din, har du fått med alt og er opplysningane rett i forhold til drift, gardskart leigejord, osv? Søk i god tid i tilfelle uføresette hendingar når det nærmar seg frist, sjekk at du har fått kvittering i Altinn. Spør dersom du lurar på noko. Her er og høve til å skrive merknad i merknadsfeltet på søknaden.

Husdyr:

Teljedato 1. oktober for kyr, storfe, hestar, griser, slaktekylling, verpehøner osv. Sauer blir ikkje telt pr 1. oktober, dei blir «berre» telt pr 1. mars. I denne søknaden skal ein opplysa om kor mange dyr, av både sauer og andre slag, som har gått på beite minst 12 veker totalt, og eventuelt minst 5 veker på utmarksbeite. For å få tilskot til beitedyr, må hovuddelen av det daglege grovfôropptaket skje ved beiting.

Oppmoding til nokon av dokk som driv med sau. – dersom du hadde mange fleire dyr pr 1. mars enn dei som lemde i vår og har gått på beite i sommar, så ver gild og skriv kommentar til saksbehandlar om forholdet, for eksempel er her fjorlam som er fôra over vinteren og vart slaktast i vår, var her påsettlam som ikkje blir para. Årsaka til at me ønskjer kommentar om dette er at nå i haust/vinter når me skal behandle søknadane etter oktobersøknad, så får kommunen meldingar om alle dyrhald som har låg avdrått i forhold til tal dyr på registreringsdato. Tal lam slakta hausten 2024 blir sett i forhold til tal dyr du har som er «født i fjor eller tidlegare» pr 1. mars. Og dersom dette talet består av mykje fjorlam som ikkje skal ha lam så blir det fort eit galt forholdstal, som kommunen må sjekke opp i og vurdere om det er «vanleg jordbruksproduksjon».

Husdyrregisteret – husk å oppdatere. Kommunen sjekkar søknad mot Husdyrregisteret i vår gjennomgang av søknadane. Det er kyr som har kalva siste 15. månadar før teljedato som tel som mjølkekyr/ammekyr.

Areal:

Sjekk at arealet du søker tilskot til stemmer med gardskartet. Arealet du søker tilskot til skal ha vore i produksjon i 2024. Brakka du noko i vår og ikkje har sådd og hausta i løpet av sesongen, så set du arealet ute av produksjon i år.

Vegetasjonssone mot vassdrag:

Minimum 2 m brei vegetasjonssone er eit vilkår for produksjonstilskot. Sona må ikkje jordarbeidast eller sprøytast, men kan vere grasdekt og haustast.

Avløysartilskot:

Nå fører du opp dei utgiftene du har hatt til no. Har du meir utgifter i løpet av året, kan du etterregistrere meir innan 10. januar.

Kjøp av tenester frå andre føretak – du kan få refundert utgifter til kjøp av tenester som det er vanleg at føretaket gjer sjølv, for eksempel slått, gjødsling mm. Du kan få dekka utgifter eks mva. På faktura må det vere spesifisert kva som eventuelt er utgifter til arbeid og kva som er maskin.

Eigenerklæringar:

Gjødslingsplan – kravet er årleg gjødslingsplan.

Dersom ein ikkje har meir enn 5 GDE, og enkel driftsform mm, kan ein søkjer om fleirårig plan.

Nokon opplyser at de ikkje har gjødslingsplan. Då blir det avkorting i areal- og kulturlandskapstilskotet. Dette utgjer som regel eit høgare beløp, enn kostnaden med å få utarbeidd ein gjødselplan frå NLR. Det svarar seg difor på alle vis å ha gjødselplan!

Lurer du på noko så ta kontakt. Det er betre du spør om det du lurer på, enn at du «går glipp av» rettar og pliktar fordi du ikkje spurte 😊

## Jordleige

Kommunen skal ha kopi av jordleigeavtalar. Den som eig jordbruksjord har driveplikt. Enten må ein drive sjølv, eller leige bort. Jordleigeavtale skal vere på 10 år utan høve for eigar å seie opp avtalen. All jorda skal drivast, både dyrka jord og innmarksbeite. Det er ikkje nok å leige bort dyrka jord og så ligg innmarksbeite brakk. Då fyller du ikkje driveplikta. Kommunane har i oppdrag å følgje opp driveplikta.

## RMP – regionalt miljøtilskot

Søknadsfrist 15. oktober. Nå kan du også her endre søknaden innan 29. oktober dersom du søkte innan fristen. Husk i så fall å sende inn på ny.

Har noko av drifta di rett på regionalt miljøtilskot? Ca halvparten av søkjarane om produksjonstilskot søkjer RMP. Sannsynlegvis er her fleire som kunne søkt innafør ei eller fleire ordningar. Her er det informasjon om ordningane på [Statsforvaltaren si nettside](#). Sjekk at du føl vilkåra for dei ordningane du søkjer tilskot til.

Dette må du hugsa for å motta tilskot for «miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel». Det blei i 2023 innført ei maks grense på kor mykje gjødsle ein kan spreie for å få tilskot. Det skal minimum spreieast 5 kg total-nitrogen i husdyrgjødsle per dekar, og maksimalt 6 tonn per dekar (inkludert vatn) per gjødsling. Siste spreiedato for å kunne motta tilskot et 10. august.

For å kunne motta tilskot skal føretaket ha ein gyldig gjødslingsplan og skiftenoteringar som syner spreiedato og gjødselmengde spreidd per dekar. All bruk av gjødsel skal kome fram av gjødslingsplanen.

Igjennom RMP vert det gitt tilskot for miljøvenleg gjødselspreieing ved bruk av nedfelling og nedlegging, og i tillegg gis det tilskot for bruk av tilførselsslange. Det er viktig å merke seg at tilskot for bruk av tilførselsslange berre gis til areal der nedfelling eller nedlegging er teke i bruk. Når du skal teikne i kart må du teikne nedlegging/nedfelling først, og deretter teikne ordninga tilførselsslange.

Her er lenke til forskrifta om desse ordningane:

[§ 22 Nedfelling av husdyrgjødsel](#)

[§ 23 Nedlegging av husdyrgjødsel](#)

[§ 24 Spreieing av husdyrgjødsel med tilførselsslange](#)

Ugjødsle kantsone i eng

Det gis tilskot til ugjødsle kantsone langs vassdrag på eng. Nå gjeld ordninga i heile Rogaland, ikkje berre enkelte vassdrag. Den ugjødsle sona skal ligge på fulldyrka eller overflatedyrka areal, og skal vere minst 4 meter brei. Søkjar må ha minst 50 m kantsone for å ha rett til tilskot.

## Tilskot til organisert beitebruk – OBB

Søknadsfristen er 15. november. Der skal de føre opp kor mange dyr som er sendt på beite og kor mange som er sankt. Det blir spurt om merknad frå søkjar – som ei lita årsmelding. Her kan de skrive litt om tiltak som er gjort i beitelaget siste år, og korleis årets beitesesong har vore.

## Ny forskrift om gjødselbruk

Ny gjødselbruksforskrift har vore på høyring. Her er endringar i høve til kor mykje forfor, P, ein kan tilføre, endringar i høve til spreietidspunkt og godkjenning av spreieareal mm. Planen er at ny forskrift skal tre i kraft fom 1.1.2025. I så fall er her kort tid til tilpassing til nytt regelverk. Me veit ikkje kva som blir gjeldande av føreslegne endringar, me må kome tilbake med meir informasjon når ny forskrift vert vedtatt.

## Søknad om erstatning ved produksjonssvikt

Søknadsfristen er 31. oktober. I år er ordninga svært aktuell for fruktprodusentane pga haglskade. De har sannsynlegvis ikkje alle tal klare pga oppgjer frå pakkeri, heimesal mm innan frist. MEN søk innan frist, og ettersend opplysningar så snart dei er klare. Det kom og fleire meldingar tidleg i sommar om tørke i grovfôrproduksjon og produksjonssvikt då. Det er totalavling gjennom sesongen som gjeld, for all produksjon i ei vekstgruppe, og så er her ein eigenandel på 30 %.

**Det skal vere eit møte om produksjonssvikt, som er for søkjarar, på fruktpakkeriet i Årdal, 22. oktober kl 18.00.** Då kan du få informasjon om ordninga, og dersom du tek med PC og BankId, så kan me sjå på søknaden saman. Ein av saksbehandlarane på ordninga hjå Statsforvaltaren, Morten Svanes, blir med på møtet.

## Landbruksvegar – søk før du bygger

Landbruks- og matdepartementet har i brev av 22.01.24 oppheva eit vedtak om godkjenning av veg bygd utan løyve i Bergen kommune.

Dette fører til presisering av korleis kommunane skal behandle søknadar om landbruksvegar. Ein skal alltid søkje om å bygge landbrukvesvegar på førehand, då vert søknaden behandla etter landbruksvegforskrifta.

Dersom ein i etterkant ser at her er bygd landbruksveg som ikkje er omsøkt, kan ein ikkje godkjenne den i etterkant etter landbruksvegforskrifta. Då må det søkjast om løyve etter plan- og bygningslova.

## Kommunalt tilskot til næringslivet

Bedrifter i Hjelmeland kan søkja tilskot til næringsføremål. Du finn meir på [heimesida til kommunen](#).

Etablering av ny næring eller investeringstiltak. Søknadsfrist 15. oktober og 15. april.

Ombygging frå båsfor til lausdrift for mjølkeproduksjon skal ha prioritet i perioden 2024-2027. Her kan ein gi maksimalt 10 % tilskot av godkjent kostnadsoverslag.

Har du spørsmål om ordninga kan du ta kontakt med Torborg Kleppa, tlf. 404 39 123.

## Skog

### Forynging etter hogst av bartre

Det har vore gjort endringar i Forskrift om berekraftig skogbruk slik at berre bartre inngår som teljande treslag i ny forynging der det tidlegare var barskog. Skogeigar må søkje kommunen om godkjenning når:

- forynging skal skje med lauvtre der bartre utgjer over 50 % av volumet før hogst.
- forynging skal skje med andre treslag i edellauvskog (unntatt i eikeskog på låg og middels bonitet)

### Skogpådrivar

Det er frå 2024 sett i gong eit nytt skogpådrivarprosjekt i Hjelmeland, Strand, Suldal og Sauda. Via prosjektet kan ein få eit gratis og uforpliktande besøk av Tårn Sigve Schmidt, som er aktiv skogbruksinstruktør og busett i Hjelmeland. Interesserte skogeigarar kan få ein befarig og rådgiving for kva som trengs i skogen sin.

Ta kontakt med skogansvarleg i kommunen Kristofer Tveiterå: 40439128 eller [kristofer.tveitera@hjelmeland.kommune.no](mailto:kristofer.tveitera@hjelmeland.kommune.no)

### Skogdag

Open skogdag for skogeigarar laurdag 26. oktober kl. 11.15-16.30.

Temaet for dagen er skogskjøtsel, med fokus på foryngingsmetode, treslagsval og markberedning

#### Program

- 11:15 - 11:30: Opning (stad Randøy Skule)
- 11:30 - 12:15: Skogskjøtsel v. Rasmus Hagalid-Stokkeland
  - Val av etableringsmetode og plantetal
  - Markberedning og markberedningsøkonomi
- 12:15 - 13:00: Lunsj
- 13:00 - 13:45: Treslagsval – framtid og fortid v. Lars Slåttå
- 13:45 - 14:15: Transport ut
- 14:15 - 16:15: Såing og markberedning v. Rasmus Hagalid-Stokkeland
  - Såing
  - Gjennomgang av markberedning
    - Demo av markberedning med markberedningsaggregat v. Randøy Maskin
- 16:15 - 16:30: Oppsummering og avslutning v. Rasmus Hagalid-Stokkeland

Det vil vera ein innedel og ein utedel, husk å ta med gode klede.  
Påmelding til Rasmus Hagalid-Stokkeland: [stokkeland@rs-skog.no](mailto:stokkeland@rs-skog.no)

## Jakt

Nå er jakta på hjortevilt i gang for fullt og me vil nytta høve til å minna om at jegerane må rapportera sett og skutt undervegs i jakta. Helst bør ein rapportera straks ein avsluttar jakt dagen, medan ein har det friskt i minne kva ein har sett og skote.

NB! «Sett og skutt»- appen er fornyta og for å laste denne ned må ein gå inn på nettsida [settogskutt.no](http://settogskutt.no).

Den informasjonen som blir gitt gjennom rapporteringa i settogskutt-appen er ei svært viktig grunnlag for forvaltninga av hjorteviltet, som til dømes val av avskytingsmodell og fastsetting av minsteareal.

## Forvaltningskontroll

Statsforvaltaren har nyleg hatt kontroll av Hjelmeland kommune. Det gjeld nokon av tilskotsordningane; produksjonstilskot, RMP, og tilskot i skog NMSK. Det blir kontrollert at kommunen har rutinar i samråd med lovar og forskrifter, og at me saksbehandlar i tråd med rutinar og lovar og forskrifter. Tilbakemelding så langt, rapport er ikkje komen, er at her er mykje som er på plass, men det vert påpeika at bønder er sjølvstendig næringsdrivande, og skal då ha kontroll på produksjon og tilskotsordningar, slik at det er forventta meir sjølvstendigheit i søknadsprosessar. Det vil seie at de sjølv er ansvarlege for at søknadar er rette, og er dei feil, så kan det få konsekvens som avkorting i tilskot. Meldinga vidare til dykk er at de er nøye når de fyller ut søknad om produksjonstilskot, RMP og liknande slik at det er rette tal i søknad. Og dersom noko ikkje er næring/produksjon, så skal de ikkje søkje tilskot til det. For eksempel har du frukthage til eige bruk, så er det ikkje tilskotsberettiga, har du brakka eit areal og ikkje fått sådd i og produsert noko denne sesongen, så skal arealet vere ute av drift. Har ikkje kua kalva siste 15 mnd så er ho ikkje mjølkeku, då skal ho gå som andre storfe.

Treng du hjelp til søknaden, eller lurar på noko må du sjølv sagt framleis spørje oss. 😊

## Pågåande prosessar og kommuneplanarbeid

Det pågår fleire viktige planprosessar for tida, som er viktig å kjenne til:

- **Kommuneplanens samfunnsdel** er ein plan for korleis me vil at Hjelmelandssamfunnet skal utvikla seg framover. Arbeidet er viktig for alle innbyggjarar, næringslivet og hytteeigarar
- **Kommunedelplan for byggeråstoff og massehandtering** er ein plan for naturressursar som sand, grus, naturstein og pukk samt ein oversikt og strategi for overskotsmassar.
- **Kommunedelplan for naturmangfald** vil gje ein oversikt over kva me har av naturverdiar i kommunen vår og korleis me skal forhalda oss til naturverdiar i samfunnsutviklinga framover
- **Innsatstrappa** er meir ein prosess enn ein plan. Det handlar om korleis me skal rigge samfunnet vårt og tenestetilbodet i kommunen for eit samfunn med stadig stigande andel eldre. Dette var tema på folkemøtet som var på Hjelmeland samfunnshus i september.

I samband med dette vil kommuneleiinga rundt i alle dei 7 krinsane for å informere om pågåande planarbeid og leggje opp til medverknad.

Alle møta startar kl 18.00 og varer eit par timar, og “kjøreplanen” er slik:

- 4. november Vormedalen grendahus

- 5. november Jøsneset grendahus
- 11. november Fjordahuset Jøsenfjorden
- 12. november Årdal omsorgsenter
- 13. november Randøy grendahus
- 20. november Kommunestyresalen Hjelmeland
- 21. november Fister skule

Her er lenke til kommunen si nettside der det står meir om [pågåande kommuneplanarbeid](#)

## Kurs/møte

### NEDSKJERING AV VILT, 18-19. OKT, SAND I RYFYLKE

Bli med på praktisk kurs i nedskjering av vilt for å læra meir om kjøttkvalitet, utnyttingsgrad, mørning, emballering og lagring for vidaresal/-foredling. Målet er å auke inntening og gi enda betre tilgang på produkt av vilt til kundane. Påmeldingsfrist 10. oktober.

Sjå meir informasjon og påmelding [her](#).

### Grønt mangesysleri og entreprenørskap - Fagskule

Utdanningstilbod hausten 2024 – våren 2026. Søknadsfrist fram til studiestart, som var 3. oktober. Skriv likevel litt om tilbodet her.

Tema; haust 2024 – bedriftsøkonomi og leiing, våren 2025 marknadsføring og kommunikasjon, hausten 2025 – lokal foredling, våren 2026 – bedriftsutvikling og entreprenørskap.

Det er Fagskulen i Rogaland og Ryfylke IKS som står bak utdanninga. Innhaldet i utdanninga er basert på innspel frå landbruks- og reiselivsnæringa. Her er meir informasjon på [nettsida til Fagskulen Rogaland](#).

### Møte om produksjonssvikt 22. oktober kl 18.00 på fruktpakkeriet i Årdal

Det blir møte som er berekna på søkjarane om produksjonssvikt, på fruktpakkeriet i Årdal 22. oktober kl 18.00. Ta gjerne med PC og BankID så kan me sjå på søknaden saman. Saksbehandlar hjå Statsforvaltaren blir med på møtet og orienterer om ordninga, kva som må vere med i søknad mm.

### Framtidsbonden – samling på Øksnevad 22. oktober kl 11.45-15.00

Agritech-klynga inviterer framoverlente bønder som skan vere med å sikre at utviklinga av produkt innafor teknologi og landbruk faktisk møter reelt behov. Meir om møte i denne lenka til [Stastforvaltaren](#).

### Autorisasjonskurs – plantevern

NLR har sett opp ein del kurs, både fornying og bevis for første gong. Det er bla kurs i november og januar på Bryne, januar på Finnøy, februar på Tau, og februar Helleland. Dei har fornyingskurs på teams i november. Her er [Lenke til kalenderen til NLR](#) for kurs mm.

Elles er det mogleg for dei som vil fornye autorisasjonsbeviset å ta både kurset og eksamen på nett, du finn meir om dette på [Mattilsynet si nettside](#).

### Inn på tunet-konferanse 11. – 12. februar 2025 i Stavanger

Målgruppa for konferansen er kjøparar og brukarar av tenester, interesseorganisasjonar, pårørande, og næringsutøvarar og Inn på tunet- tilbydarar. Tema for første dag er barn og unge, dag to har fokus

på demensomsorg. Etter lunsj dag to er programmet spesielt retta mot næringsutøvarar. Påmelding innan 6. januar. For dei som ønskjer overnatting har arrangør førehandsbestilt ein del hotellrom på hotell nær konferanselokala. Meir informasjon på nettsida til [Statsforvaltaren i Rogaland](#).

### Webinar om skjøtsel av kantsoner langs vassdrag.

Det var webinar 26. september. Formålet var å avklara kva ein kan gjere og ikkje kan gjere utan søknad når det gjeld skjøtsel av kantsoner langs vassdrag, og korleis ein går fram viss ein skal søkje om å utføre inngrep i kantsoner. NVE, Statsforvaltaren og vassområdekoordinator på Haugalandet hadde innlegg. Her er lenke til [presentasjonane](#) frå møtet.

### Bondens nettverk



  
HJELMELAND  
KOMMUNE

# BONDENS NETTVERK

## Hjelmeland kommune

**Bonden har eit stort ansvar kvar einaste dag. For alle bønder kan det oppstå situasjonar eller enkelthendingar som kan vere vanskelege å handtere åleine. Det er ikkje uvanleg at ein mistar evna til å tenkje klårt når ein er i ein vanskeleg situasjon, anten det er ei akutt krise eller ein belastande situasjon som tærer over tid. Det er nettopp det Bondens Nettverk kan hjelpa med; få oversikt og leggja ein plan for å normalisera situasjonen.**

**Ta kontakt anten du sjølv er i ein vanskeleg situasjon eller du er bekymra for nokon andre:**

**Anne Kari Skogerbø** : 404 39 126, Hjelmeland kommune, Landbruk

**Anita Jensen**: 416 94 657, Norsk landbruksrådgiving

**Sven Gil Westersjø** : 928 62 410, Hjelmeland Sau og Geit

**Marta Ommundsen** : 404 39 076, Hjelmeland kommune, Helse

**Gunnar Bø**: 934 01 147, Hjelmeland Bondelag

Teieplikta vil bli ivareteken.

 **Norsk Landbruksrådgiving**